

Sak 26/17 Økonomi

- Dagleg leiar orienterte om Rekneskapsrapport pr. 2. tertial 2017.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 27/17 Påverknadsarbeid mot neste revisjon av NTP

Styret drøfta desse tiltak/strategiar:

- Fokus på Rv13 krev at budskapen vert korrekt presentert. Styret ber om betre dokumentasjon, presentasjonar som kan nyttast av styremedlemmer (og andre) til å informera og snakka om Fjordvegen i ulike fora.
- Store prosjekt som Rogfast og Hordfast tek all merksemd hos sentrale politikarar.
- Fjordvegen må kjempa mot desse gigantprosjekta om økonomiske rammer i mange år framover. Viktig å synast i debatten.
- Dialogen mot Transport- og kommunikasjonskomiteen vert avgjerande. Tidleg oppstart for å oppnå best mogeleg effekt.
- Motargument mot midlar til Rv13 er ÅDT.
- Løfta fram argumenta vedr. «ny tid» etter Ryfast og rassikring.
- Nettsidene til Fjordvegen må verta meir retta mot praktisk bruk til informasjon. T.d. videosnyttar som viser trafikale problem filma frå frontruta i store køyretøy.

Vedtak:

Administrasjonen og styremedlemmene arbeider vidare med desse punkta og administrasjonen legg fram ny status på neste styremøte.

Sak 28/17 Status og framdrift: Kollektivprosjektet «Reis som dei lokale». Orientering - drøfting.

Styreleiar, dagleg leiar og konsulent orienterte om studietur til FRAM, Ålesund. Vårt prosjekt «Reis som dei lokale» har som første mål for å etablere eit avgrensa tal rundreiser som kan byggjast og seljast mot og gjennom sommaren 2018.

Pilotruter må leggjast til Fjordvegregionen. Destinasjonsselskap vert sentrale i val av turar.

Administrasjonen tek kontakt med fylkeskommune, Skyss, Kolumbus for oppstart av prosjektet.

Administrasjonen gjev status på arbeidet i styremøtet i desember 2017.

Vi må ha mål om å få ha ein presentasjon på NTW, Stavanger veke 16 i 2018.

Sak 29/17 Forlenging av driftsavtale mellom Hardangerrådet iks og Fjordvegen Rute 13.

Vedtak:

Styret godkjenner driftsavtale mellom Hardangerrådet iks og Fjordvegen Rute 13 for perioden 1.10.2017 – 30.09.2019.

Sak 30/17 Fast post: Gjennomgang av status for Rv 13

Saka vert utsett til neste styremøte.

Sak 31/17 Møteplan 1. halvår 2018

Styret foreslår slik møteplan for styret våren 2018:

Veke 7 Tysdag 13. februar 2018 Ullensvang

Veke 15 Tysdag 10. april 2018 Telefonmøte – førebuing til årsmøte.

Veke 19 Måndag 7.mai 2018 Styremøte/årsmøte i samband med årskonferansen.

Sak 32/17 Ymse

- Ny dato for styremøte i desember:
8. desember alternativt 11. desember.
Administrasjonen avklarer kva dato Svenn Finden kan delta på styremøtet.
- Det vart orientert om at Fjordvegen var deltakar på Nasjonal rassikringsgruppe si synfaring og oppsummering knytta til utfordringar i Brattlanddalen.
- Handlingsprogram for NTP vart drøfta med styremedlem Arne Bergsvåg på telefon. Fjordvegen sender uttale til denne til alle 3 fylkeskommunar + Stavanger kommune.

Jostein Eitrheim
sekretær